

# Referat frå årsmøtet i Vikøy sokneråd

8.mars 2026

Det var 25 frammøtte på årsmøtet etter gudstenesta.

Soknerådsleiar Astrid Helleve Fylkesnes la fram årsmeldinga.

Kasserar Erling Lyngset orienterte om rekneskapen.

Det vart opna for spørsmål/kommentarar til årsmeldinga og rekneskapen:

- Kor mykje vert prisen for ikona? Svar frå soknerådsleiaren: 100.000 kr.
- Ein person sakna at ikkje det vart nemnt noko spesifikt om kyrkjelydssalen i årsmeldinga. Salen vert mykje nytta til ulike ting (jubileum, minnestunder, kurs, m.m.), og er ein type «samfunnshus med andeleg basis». Dette er god «reklame» i verdsleg samanheng.

Etterpå orienterte soknerådsleiaren meir om bakgrunnen for ikon-saka: Solrunn Nes er ein anerkjend kunstnar som har smykka ut mange kyrkjer i inn- og utland, og det er fint om me også her lokalt i kyrkja vår har hennar kunstverk. Ikon er ein annan måte å forkynna på enn gjennom ord. Det har vore eit ynske i fleire år å få på plass ikon i Norheimsund kyrkje, og no har ein liten komité jobba godt med saka.

Biskopen og andre frå Bispedømmekontoret har vore og sett på framlegget, og for to dagar sidan kom det positivt svar på søknaden.

Det var mange på årsmøtet som ville ytra seg om denne saka. Ingen var imot å ha ikon i kyrkja vår, men det var PLASSERINGA av dei to ikona som vekte engasjement. Fleire meinte at ikon-plasseringa vil «konkurrera» med altertavla, og ynskte at dei vert plasserte lenger bort frå alteret. Andre sa at ikona kan vera som eit «sidealter»/«bruksikon», og må ikkje verta «gøymde» slik at me vender ryggen til.

Soknerådsleiaren tok imot alle innspela, og sa at soknerådet må bruka meir tid på kor dei to ikona skal hengja – og evt senda ny søknad til biskopen.

På slutten av møtet takka Ragnhild Skeie for støtta til Himalpartnar og sa at det er lurt å ha ein «misjonskontakt» i soknerådet som bindeledd til misjonsorganisasjonen ein støttar.

For Vikøy sokneråd: Gudrun Skeie Langeland, skrivar